

## REFERAT FRÅ MØTE I PROGRAMUTVAL MEDISIN

**Onsdag 6. desember**  
**Kl. 13.15 – 15.30**  
**Stad: Rom 437 AHH**

**Tilstade:** Arne Tjølsen (leder), Kari Indrekvam, Gunnar Høvding, Knut Teigen, Jan Gunnar Hatlebakk (vara), Øystein Hetlevik, Olav Tenstad, Nils-Halvdan Morken, Edvin Schei  
*Studentar:* Kathrine Nyhus, Babar Eide Khan

**Administrativt:** Kristin Walter, Evelyn Myrå Holmøy (referent)

**Ikkje tilstade:** Birger N. Lærum, Ole Jacob Møllerløyken, Solveig Benno Ski (student), Gard Aasmund S. Johanson (student)

---

<p>I</p> <p>II</p>	<p>Godkjenning av innkalling og saksliste</p> <p>Referat frå førre møte 1. november 2017</p> <p><b>Styrking av studentane si aktive rolle i PUM</b> Studentane melder om at det i ny studieplan ikkje latar til å vere rom for å reise på kull-tur. Ved slutten av 5. semester har studentane pla reist på ein kull-tur for å betre det sosiale miljøet på kullet. Dette har tidlegare vore eit godt likt tiltak. Studentane ynskjer at dette vidareførast. Er det nokon som har tenkt omkring korleis dette skal gjerast?</p> <p><i>PUM noterer seg at det har vorte reist spørsmål om dette. PUM ber om at dette sjekkast opp i til neste møte.</i></p>
<p>42/17</p>	<p><b>Vedtakssak: MED11 – Emnebeskriving</b> Programutvalet for medisin har motteke forslag til emnebeskriving for MED11. Semesterstyreleiar Øystein Hetlevik har levert inn følgebrev til PUM kor han skildrar at semesterstyret har gjort nokre endringar kva gjeld vurderingsformene i emnet. Semesterstyret argumenterer for at det siste studieåret på medisin burde bli sett under eitt, og at fleire av temaa frå MED11 kjem igjen i MED12, og at ei halvvegsvurdering på slutten av MED 11 ikkje verkar hensiktsmessig. Semesterstyret har mellom anna difor gått inn for å velje mappevurdering.</p> <p>Det vart ei drøfting i PUM omkring mappevurdering som vurderingsform, kor det vart vektlagt at studentane sine insentiv for læring skal vere i fokus. Etter grundig diskusjon kom ein fram til at vurderingsforma blir mappevurdering. PUM fremma konkrete forslag om at ordlyden under punktet om obligatorisk undervisning og om vurderingsform blir justert.</p>

<p><b>VEDTAK</b></p>	<p><i>Neste versjon av emnebeskrivinga sendes inn til PUM for orientering ved neste møte i PUM.</i></p> <p><i>PUM går inn for den vedlagte emnebeskriving for MED11 med føreslåtte endringar. Emnebeskrivinga vil deretter inngå i det øvrige revisjonsarbeidet for heile studieprogrammet.</i></p>
<p><b>43/17</b></p> <p><b>VEDTAK</b></p>	<p><b>Oppfølgingssak: Ny vurdering MED7 – etter høyring frå MFU</b>  Denne saka var oppe i PUM på førre møte 1. November (sjå sak 40/17). MED 7 sendte inn skriv om ynskje om endring i kontinuasjonseksamen. Saka vart sendt på høyring til Medisinsk fagutval (MFU), som ikkje stilte seg bak forslaget. Jurist ved SA har informert om at endring i forskriftene vil vere naudsynt for å innføre endringa MED7 ynskjer. SA understreka at forslaget burde ha brei støtte blant studentane for å bli følgt opp. PUM tar ikkje saka vidare i noverande form.</p> <p><i>Programutvalet for medisin tar oppfølginga av saka til orientering.</i></p>
<p><b>44/17</b></p> <p><b>VEDTAK</b></p>	<p><b>Orienteringssak: Ny studieplan – forslag til optimalisering</b>  Programutvalet for medisin har mottatt eit brev frå K1 ved instituttleiar Kjell Morten Myhr omhandlande forslag til optimalisering av studiet.</p> <p>Det vart gitt eit kort svar på kvart av punkta i eit notat frå PU-leiar som låg føre til møtet. Fleire av punkta vart diskutert utfyllande i møtet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Standardisering på medisinstudiet. Ynskje frå studentane om å standardisere eksamensformata slik at studentane har betre føresetnader til å førebu seg på eksamensformatet i tillegg til det faglege. I motsetnad til NTNU har ikkje UiB ein standard på kva eksamensform ein skal tilby. Ynskje om standardisering i bruk av nemningar som «TBL».</li> <li>2) Med den løysinga som føreligg for elektive periodar framstår det som eit «smutthol» å ta 15stp emne ved eit anna fakultet, for å «frikjøpe» 2 elektive periodar seinare i studiet (dette kan sjåast i samanheng med rapport frå elektiv komité seinare i referatet).</li> <li>3) Mottak av studentane ute i praksis: det må bli endå betre informasjon og det må sikrast at studentane vert tekne i mot på ein god måte.</li> <li>4) Komprimere talet på førelesarar. I MED5 er det over 70 undervisarar, noko som gjer det vanskeleg for studentane å få eit samla overblikk.</li> <li>5) Samansetjinga av semesterstyra bør justerast. Semesterstyra har allereie starta eigenredigering: invitert inn nye medlem som ikkje har vore offisielt medlem av semesterstyret, og sett gjennom fingrane med at andre offisielle medlem har svunne ut. Presisere ansvaret til dei ulike rollene i semesterstyra som "Fagansvarleg" og "temaansvarleg".</li> </ol> <p>PUM noterer at ein må vere tydelege på restrukturering av semesterstyrene i vidare arbeid.</p> <p><i>Programutvalet for medisin tar saka til orientering.</i></p>

<p>45/17</p> <p><b>VEDTAK</b></p>	<p><b>Orienteringssak: Ut plassering i MED5 og MED6 – brev frå MFU</b>  Medisinsk fagutval (MFU) meldte på førre møte i Programutvalet inn sak om at det har kome tilbakemelding frå studentar som har hatt tidlig praksis (kull 15), om at dei opplever å få utilfredsstillande læringsutbytte (under «Styrking av studentanes aktive rolle i PUM»).</p> <p>Saka skal også tas opp i møte med Felles utdanningsråd mellom fakultetet og Helse Bergen/Haraldsplass 19. Desember. PUM haldast oppdatert på drøftingar i saka.</p> <p>Brevet frå MFU vart levert ut skriftleg på førre møte i Programutvalet. PU-sekretær sender brevet ut digitalt til PUM etter dagens møte.</p> <p><i>Programutvalet for medisin tar saka til orientering.</i></p>
<p>46/17</p> <p><b>VEDTAK</b></p>	<p><b>Orienteringssak: Førellesningar i ny studieplan (oppfølging sak 37/16)</b>  Denne saka vart tatt opp i Programutvalet 7. desember 2016 (sjå sak 37/16). Det har no kome munnlege meldingar frå STUND om at dette framleis er eit problem.</p> <p>Førellesarar i fleire emne lantar til å gjennomføre dei same førellesningane som i gamal studieplan, men med kortare tid til å gjennomføre førellesningane. Det er ynskjeleg å gjere omlegginga til eit fellesprosjekt ved å setje i gong fagdebattar, starte idémyldringar som kan resultera i at undervisarane tar endringane i førellesningstid med seg inn i førellesningane, og legg om måten undervisninga føregår på.</p> <p>1) Det er semje i PUM om å streve etter "peer review" av undervisninga. Andre fagpersonar så vel som andre studentar, særleg frå seint i studieløpet, kan vere kandidatar til å gjennomføre peer review. Dialog mellom paraklinikarar og klinikarar understrekast som spesielt viktig å ivareta.</p> <p>2) Eit anna forslag til auka kvalitetssikring er at eksamensoppgåver blir sendt inn til PUM, kor ein kan sjå på andre fagområde enn sitt eige. PUM ynskjer å pilotere ei ordning kor PUM ser på ulike emneeksamenar. Vi startar med å distribuere eksamenssetta frå MED4 og MED8. Eksamenssettet skal sjåast i samanheng med emneskildringa og LUB. Dette blir tatt opp som sak på neste møte i PUM.</p> <p><i>Programutvalet for medisin tar saka til orientering.</i></p>
<p>47/17</p>	<p><b>Orienteringssak: Orientering frå komiteen for elektive periodar</b>  Det vart framlagt ein rapport frå komiteen til PUM. Denne gjer reie for søkjartall for første gjennomføring av elektiv periode januar 2018. Kliniske emne er dei mest populære emna blant studentane.</p> <p>Det er naudsynt med endå fleire elektiver. Ein må også ta i betraktning populariteten til nokre emne og den manglande populariteten til andre.</p>

<p><b>VEDTAK</b></p>	<p>Prodekan Hunskår vil om ikkje lenge sende ut ein førespurnad om at ulike andre fagområde ved fakultetet opprettar elektiver til medisinstudiet. PU-leiar oppmodar om også å halde oppe fokuset på å stadig opprette fleire elektiver innan medisinske fagområder.</p> <p>Det høve for å søke økonomisk støtte til å opprette elektiver som skal gå frå januar 2019. Brev om dette ettersendes PUM etter møtet.</p> <p><i>Programutvalet for medisin tar saka til orientering.</i></p>
<p><b>48/17</b></p> <p><b>VEDTAK</b></p>	<p><b>Møtedatoar våren 2018</b></p> <p>Ordinære møte:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Onsdag 7. februar</li> <li>• Onsdag 11. april</li> <li>• Onsdag 6. juni</li> </ul> <p>Temamøte:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Onsdag 7. mars (saman med Prosjektgruppe Ny Studieplan)</li> </ul> <p><i>PUM tar møtedatoane til etterretning.</i></p>

---

**Orienteringar**

**- Revidert emnebeskriving Global helse, tatt på fullmakt**

---



---

**Ymist**

---

Arne Tjølsen  
Leiar PUM

Evelyn Myrå Holmøy  
Sekretær PUM

**Kommande saker i PUM:**  
OSCE-retningslinjer  
Mentorordning  
Evalueringsrutiner  
MED8 eksamenstidspunkt